



Referat frå styremøte

Stad:	Skjenet
Dato:	11.02.2019
Tid:	12.30-14.00
Desse møtte:	Kari-Anne Landro (møteleiar), Marianne Sandahl Bjorøy, Steinar Nesse, Åse Vik (for Siri Pettersen) og Rune Lid. Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
Andre:	
Forfall:	Siri F. Pettersen og Børge Haugetun

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
01/19	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Godkjent- ingen merknadar.
02/19	Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2019	<p>Fylkesmannen invitere kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019. Regionråda blir bedd om å vurdere søknadene og prioritere og grunnge prioritertingane av søknadane som er komen inn til Fylkesmannen.</p> <p>Det kom inn 4 søknader på Fylkesmannen sinen skjønsmidler for 2019.</p> <p>Konklusjon: Regionrådet vedtek prioriterting av søknadane slik:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Rehabilitering Først2. Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden3. Samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft4. Digitalisering i omsorgstenesta <p>Grunngjeving for prioritertinga: Regionrådet vest ønskjer å prioritere Rehabilitering Først som nummer ein då dette er eit nybrotsarbeid. Rehabilitering er eit komplekst felt i endring og utvikling. Målet med prosjektet er å utvikle eit innovativt rehabiliteringstilbod på Øygarden lokalmedisinske senter, knytt til døgn og dag rehabilitering, og dreie helsetenester mot meir førebygging, meistring og rehabilitering. Dette ser regionrådet på som eit nødvendig og innovativt arbeid.</p> <p>Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden kommunar er og viktig for regionrådet og vert prioritert som</p>

		<p>nummer 2. Det er ei auke innan rusområdet for ungdomsgruppa. Målet er å styrkje og koordinere førebyggjande innsatser og rustiltak for ungdom mellom 13 og 18 år i dei tre kommunane.</p> <p>Søknaden om samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft er eit prosjekt som tek på alvor at regionalt nivå utfordrar kommunane på dette feltet, og vert prioritert som nummer 3. Prosjektet handlar bl.a om fråfall frå vidaregåande skule og å sjå framtidige kompetansebehov og regionrådet meiner det er viktig å ha fokus på blant anna å leggje til rette for samarbeid mellom aktørar som må bidra til å dekkje ulike kompetansebehov som oppstår i framtida.</p> <p>Digitalisering i omsorgstenesta vert prioritert som nummer 4. Prosjektet har som mål å ha eit felles digitaliseringsverktøy innanfor heimetenesta og ønskjer å innføre nasjonalt anbefalte digitale løysingar i heimetenesta.</p> <p>Sekretariatet sender melding om vedtaket til Fylkesmannen.</p>
03/19	Referatsaker	<p>Årsmeldinga vart drøfta, det kom inn nokre innspel som sendast til Vagleik Brekke for redigering. Årsmeldinga vert så sendt ut til regionrådsmedlemma for godkjenning.</p> <p>Kari-Anne Landro refererte frå møtet i «arbeidsutvalet for nye Vestland fylkeskommune møter regionen» som var 4.februar.</p> <p>Erfaringsseminar om grunnlag for utvikling av regionråda. Er det grunnlag for dagens regionråd? Dette vart diskutert og Kari-Anne og Børge Haugetun tek innspel med seg til samlinga som er i Førde 15.februar.</p>
04/19	Ymse	<p>Møteplan</p> <p>Møteplanen vart gått igjennom og endringane godkjent.</p>